




Av og til
føler Robert
at det er noko
som manglar.

Robert klarer ikkje å smile.





Robert går inn i stova,
men der snublar han i ei rar,
rund greie som ligg på golvet.



Kva i alle dagar kan denne
rare greia vere?







Ikkje såpe og ikkje kost!





Då kjenner Robert ei hand på
skuldra. Det er sikkert naboen.
Naboen hentar limet sitt
og begynner å jobbe.



– Sånn, seier naboen.
– Går det betre no?
– Ja, seier Robert.
– Det går mykje betre no.

Så smiler han. For no skjønner Robert
kva det var han hadde mangla:





Ein venn.